

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 19. mars 2020
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, formannskapssalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert

SAKLISTE:

01/20 Godkjenning av protokoll frå møte 21.11.19

02/20 Plan for orienteringar om resultatområda og stabsfunksjonane

03/20 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 – presentasjon av Risiko- og vesentlegvurdering

04/20 Årsmelding for kontrollutvalet 2019

05/20 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 12.03.20

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.03.20	01/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.11.19

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 21.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 21.11.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 21.11.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 12.03.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **21. november 2019** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Tormod Skeie. Han ønskte velkommen til fyrste møte i denne valperioden.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Per Gudmund Øxtra (Sp), Henrik Halsne (Ap), Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Leiar av servicetorget Turid Vaage delte ut Ipader i starten av møtet.
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 21/19 KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering. Utvalet har inga merknader knytte til evalueringa for perioden 2015-2019 eller Utvalet vil framheva følgande:

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Medlemmene, revisor og utvalssekretær presenterte seg. Henrik Halsne opplyste at han er dagleg leiar for Gullingen utviklingsselskap AS. Kommunen er deleigar i dette selskapet. Sekretær opplyste at det ikkje er mogleg å vera medlem i kontrollutvalet samstundes som ein har dette vervet. Halsne og sekretariatet vil følgje dette opp vidare.

Utvalssekretær gjorde greie for utvalet sitt ansvar og oppgåver. Fleire av medlemmene hadde delteke på informasjonsmøtet i Aksdal og fått mykje informasjonen der. Medlemmene stilte spørsmål og drøfta ulike sider ved vervet undervegs i orienteringa.

Medlemmene sakna utfylt evalueringsskjema frå ordførar, rådmann og sekretariat. Utvalet vil oppmoda dei til å sende inn skjema, for så å ta saka opp att i neste møte.

Medlemmene drøfta særskilt korleis utvalet skal handsama innspel frå innbyggjarar. Utvalet var samd om å be sekretariatet utarbeide eit framlegg til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Suldal kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering.

Utvalet vil oppmode ordførar, rådmann og sekretariat til å sende inn evalueringsskjema. Utvalet utsett handsaminga av evalueringsskjema til neste møte.

Utvalet ber sekretariatet utarbeide retningslinjer/prosedyrar for handsaming av innspel frå innbyggjarar til neste møte.

SAK 22/19 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2020:

Torsdagar kl. 10.00: 13.02, 30.04, 11.06, 17.09 og 12.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2020:

Torsdagar kl. 10.00: 13.02, 30.04, 11.06, 17.09 og 12.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 23/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.09.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 05.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen. Medlemmene var samde om at dei framleis ønskte ein nøktern protokoll.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 05.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 24/19 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2019

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Revisor Kristensen gjorde greie for planen og svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Suldal kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

SAK 25/19 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITS-VURDERINGAR OG PLANAR FOR FORVALTNINGS-REVISJON OG EIGARSKAPS-KONTROLL 2020 – 2024 FOR SULDAL KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein risiko- og vesentlegvurdering frå Rogaland Revisjon IKS i tråd med vedlagt prosjektplan/ med desse endringane.....

Ramma vert sett til 110 timar.

Suldal kontrollutval ber revisor utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Suldal kommune.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Leiar innleia. Revisor gjorde kort greie for prosjektplanen. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Suldal kontrollutval tingar ein risiko- og vesentlegvurdering frå Rogaland Revisjon IKS i tråd med vedlagt prosjektplan. Ramma vert sett til 110 timar.

Suldal kontrollutval ber revisor utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Suldal kommune.

SAK 26/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.11.19

32. Statusoversyn pr. november 2019
33. Kst. vedtak 01.10.19, sak 63/19 – Val av kontrollutval 2019-2023
34. Kst. vedtak 24.09.19, sak 56/19 – Revisjonsrapport – Klima og energiplan
35. Taushetserklæringsskjema (blei signert i møtet)
36. Innkalling til årsmøte i RYMI 13.11.19
37. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 14.11.19

- 38. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
- 39. Konferanse 2020 for kontrollutvalgene – Sandnes 09.01.20
- 40. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30. januar 2020
- 41. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.19:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Alle medlemmene ønskte å reise på konferansen i Sandnes og på NKRF konferansen på Gardermoen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.19:

Referatsakene 32 - 41 blir tatt til orientering.

Suldal kontrollutval vedtar at alle medlemmene deltek på konferansen i Sandnes og NKRF konferansen på Gardermoen. Sekretariatet sørger for påmelding. Deltakarane ordnar sjølv med transport.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: torsdag 13.02.20, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 21.11.19

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.03.20	02/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RESULTATOMRÅDA OG STABS-FUNKSJONANE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 30.04.20	rådmann Valen
Møtet 11.06.20	kommunalsjef Guggedal
Møtet 17.09.20	kommunalsjef Angelvik
Møtet 12.11.20	kommunalsjef Rullestad Gjerde

1. møte 2021	lønn- og personal v/Tobiassen
2. møte 2021	kommunekassen v/Gundersen
3. møte 2021	servicetorget v/Vaage
4. møte 2021	
5. møte 2021	

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering:

Andre kontrollutval har tidlegare vore svært nøgd med å få orientering om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunksjonane. Plan for orienteringane har vore sett på nyåret. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Kontrollutvalet kan invitere einkvan leiar eller tilsett. Den enkelte leiar eller tilsett får da delta i eit kontrollutvalsmøte kor dei får presentere sin etat/avdeling med fokus på arbeids- og ansvarsområde den enkelte etat/avdeling har.


Kontrollutvalet v/sekretariatet vil oppmode og utfordre den enkelte leiar til å komme med både ris og ros av eigen etat/avdeling, fokusere på både det som går bra og kva som er av utfordringar.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2020 og neste år, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen sin drift og utfordringar.

Rådmannen (i ny kommunelov: kommunedirektøren) er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går derfor via rådmannen, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Rådmannen skal då vere orientert om det.

Sidan orienteringa frå rådmannen er overbyggande, vil sekretariatet tilrå å starte med rådmannen, som har det overordna ansvaret i kommunen. Dersom ein følgjer oppsett plan, vil kontrollutvalet ha fått ein overordna orientering om dei fleste områda i løpet av dette året og evt. neste år.

Suldal kommune sitt organisasjonskart, henta frå heimesida:



Det kan leggjast inn nå eller lagast ny plan seinare for andre leiarar som utvalet ønskjer skal komme å orientere, som til dømes skulesjef, barnehagesjef, omsorgssjef, fagsjef og leiar av resultatområdet helse og forebygging, kultursjef, IT-sjef osv.

Sekretariatet har laga eit framlegg til plan for dei ulike orienteringane. Utvalet kan endre på desse slik dei måtte ønskje. Det kan uansett bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Utvalet kan og diskutera om dei meiner 30 – 40 minuttar er passeleg med tid dei inviterte skal få til rådighet inkludert tid for spørsmål.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål er det fint at dei blir varsla via sekretariatet i forkant av orienteringane.

Aksdal, 12.03.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	19.03.20	03/20

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek Rogaland Revisjon sin presentasjon av Risiko- og vesentlegvurderingar til orientering.

Suldal kontrollutval inviterer politiske gruppeleiarar, ordførar og rådmann til å komme med innspel til plan i neste møte.

Suldal kontrollutval kjem attende til saka når prosjekt skal prioriterast.

Vedlegg: Risiko- og vesentlegvurdering frå Rogaland Revisjon IKS

Saksorientering:

Etter kommunelova § 23-3 og § 23-4 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide ein plan som syner kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-analyse), med sikte på å finne ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon i kommunen eller for eigarskapskontroll av selskap.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 21.11.19, sak 25/19:

Suldal kontrollutval tingar ein risiko- og vesentlegvurdering frå Rogaland Revisjon IKS i tråd med vedlagt prosjektplan. Ramma vert sett til 110 timar.

Suldal kontrollutval ber revisor utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020 - 2024 for Suldal kommune.

Revisor vil presentera risiko- og vesentlegvurderingar i møtet. Desse vurderingane er et verktøy – som samen med kontrollutvalet sine egne vurderingar – skal ligge til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i ny Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Utvalet ønskjer også å få innspel frå ordførar, gruppeleiarar og rådmann. Dei vil bli invitert i neste møtet for å kome med sine innspel.

Det er kontrollutvalet som skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda. Utvalet skal avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det er ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 5-8 prosjekt, da årlege budsjettmidlar tilseier at det vert gjennomført eit til to prosjekt kvart år.

Kontrollutvalet kjem attende til saka når prosjekt skal prioriterast. Når utvalet ser seg ferdig med planen blir den sendt til kommunestyret for slutthandsaming.

Aksdal, 12.03.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KOMMUNE – RISIKO OG VESENTLIGHETSVURDERING

1. Presentasjon av vår risiko- og vesentlighetsvurdering

Vedlagt følger risiko- og vesentlighetsvurdering for Suldal kommune. Vurderingane våre er samanfatta i ein powerpoint, og kjeldegrunnlaget for dette dokumentet finst på side to i denne presentasjonen.

Vurderingane våre er eit avgjerdsgrunnlag for ny plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2021-2024. Her presenterer vi kommunens behovs- og utgiftsprofil og forslag til nye forvaltningsrevisjonar.

Risiko- og vesentlighetsvurderinga for eigarskapkontroll og forvaltningsrevisjon er vedlagt som eit eige dokument, men prosjektforslaga er med i powerpoint-presentasjonen

2. Forslag til forvaltningsrevisjoner

Forslaga til nye forvaltningsrevisjonar er grunngitt i risiko- og vesentlighetsvurderingar, men går i hovudsak ikkje i djupna mht. problemstillingar og design. Nødvendige avgrensingar og presiseringar av problemstillingar bør skje i dialogen mellom kontrollutval og revisor

3. Nærare om kommuneovergripende prosjekt

Fleire kommunar kan ha liknande utfordringar. På fleire område kan det derfor vera aktuelt med kommuneovergripende prosjekt, der prosjekt i størst mogleg grad blir gjennomført parallelt. Døme her er tidleg innsats, effektivisering og forbetring og miljøtenesta.

For desse prosjekta legg vi altså til grunn at forvaltningsrevisjonsprosjektet kan bli vesentleg betre ved å samordna undersøkingane med tilsvarande prosjekt i andre kommunar. Dette kan leggja til rette for erfaringsoverføring og forbetringsarbeid i kommunane, og er etter vårt syn relevant å vita for kontrollutvalet.

Eit døme på dette er Rogaland Revisjons fagdag 6. desember 2019, som tok for seg omstilling i pleia og omsorg i 5 kommunar (Stavanger, Sandnes, Hå, Gjesdal og Eigersund). Slike samlingar gir grunnlag for kunnskapsoverføring og læring, som kommunane kan nytta seg av i forbetringsarbeidet.

På møtet frå kontrollutvalet den 19. mars vil det bli nærare gjort greie for risiko- og vesentlighetsvurderinga.



Svein Kvalvåg

Rogaland Revisjon IKS

Senior forvaltningsrevisor

47252579

Rogaland-revisjon.no

SULDAL KOMMUNE

RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERING

INNHALD

- Del I Om gjennomføring av risiko- og vesentlighetsvurdering
- Del II Behovsprofil og ressursbruk
- Del III Forslag til nye forvaltningsrevisjonar 2021-2024
- Del IV Oppsummering av forslag til nye forvaltningsrevisjonar
- Vedlegg til presentasjonen:
 - Følgjebrev (eige dokument)
 - Risiko- og vesentlighetsvurdering mht. selskaps-/eigarskapkontrollar (eige dokument)

RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERING

- Grunnlag for planen frå kontrollutvalet for forvaltningsrevisjon dei neste 4 åra
- Skal peika på utfordringar og foreslå tema for framtidige forvaltningsrevisjonar
- Metodisk hovudgrep:
 - Nøkkeltal frå KOSTRA presentert i analyseverktøyet Framsikt
- Andre kjelder:
 - Dialogmøte med leiarteamet til rådmannen, årsmeldinger, budsjett- og økonomiplan, kommuneplan, tidlegare forvaltningsrevisjonar og Fylkesmannens tilsyn

RISIKO OG VESENTLIGHET

- Forslag til tema for forvaltningsrevisjonar skal vurderast ut frå to kriterium:
 - RISIKO: Vi vurderer om det er særst sannsynleg at noko uønskt kan skje eller at mål ikkje blir nådd
 - VESENTLIGHET: Relevante spørsmål kan vera om området er av stor økonomisk, samfunnsmessig eller prinsipiell tyding

IDENTIFIKASJON AV NYE REVISJONSPROSJEKT

- Gjennomført følgjande prosess:
 - Undersøkt kva forvaltningsrevisjonar som ikkje er utførte i førre planperiode
 - Vurdert kva for nokre tidlegare forvaltningsrevisjonar som bør følgjast opp på ny
 - Kartlagt tilsyn som er/skal utførast av Fylkesmannen i Rogaland
 - Identifisert risikoområde peika på av rekneskapsrevisor i årsoppgjeret
 - Gjennomgått talmaterialet frå KOSTRA/Framsikt/andre kjelder
 - Kartlagt utfordringsbildet slik kommunen beskriv det i ulike dokument
 - Fått innspel gjennom dialog med leiarteamet til rådmannen

FORVALTNINGSREVISJON, SELSKAPSKONTROLLER OG TILSYN

Forvaltningsrevisjoner 2015-2020	År
<u>Klima og energiplan</u>	2019
<u>Eigarskapforvaltning</u>	2019
<u>Oppfølging av politiske vedtak</u>	2018
Effektivisering, forenkling og forbedring	2018
<u>Pleie og omsorg</u>	2017
<u>Plan- og byggesaker</u>	2015
<u>Legetenesta</u>	2015

Selskapskontroller 2013-2020	År
<u>Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS</u>	2013

Tilsyn fra Fylkesmannen 2015-2019	År
Barnevern	2015
Sosiale tjenester til unge mellom 17 og 23 år	2015
Forvaltningskontroll landbruk	2015
Samfunnstryggleik og beredskap	2016
Helse og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming	2018



IKKJE-GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR/ SELSKAPSKONTROLLER 2016-2019 MOT. VEDTATT PLAN

For nærare omtale av desse, sjå [plan for forvaltningsrevisjon](#) og plan for selskapskontrollar

Første prioritet

- Skule – tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Barnevern –saksbehandlingstid og utgiftsvekst
- Legevakt – bemanning og drift
- Busetting og integrering av flyktningar
- Sosiale tenester/NAV
- Innkjøp
- IKT
- Kompetanse, bemanning og rekruttering

IKKJE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR/ SELSKAPSKONTROLLAR 2016-2019 MOT. VEDTATT PLAN

For nærare omtale av desse, sjå [plan for forvaltningsrevisjon](#) og plan for selskapskontrollar

Andre prioritet

- Internkontroll
- Beredskap
- Kommunal møtestruktur
- Skulemiljø
- Etikk og varsling

Selskapskontrollar:

- RyMi (Avvikla og fullt ut integrert i IVAR frå 1. januar 2020)
- Rygjatun Eigedom AS

OMSYN SOM SPELER INN...

- Identifisera kommuneovergripende prosjekt allereie i planfasen:
 - Fleire kommunar kan stå overfor dei same utfordringane
 - Men samstundes fanga opp det særegne eller det kommunespesifikke
 - Legg til rette for erfaringsoverføring, læring og betringsarbeid i kommunane
- Differensiera meir i forhold til ressursramme til det enkelte prosjektet: Vera plass for både store satsningar og prosjekt med ei meir avgrensa timeramme
- Innspel om å nytta forstudium/ståstedsanalyser som metodisk grep innanfor enkelte område
 - Dette vil vera spesielt aktuelt innanfor område/satsingar som er vanskelege å måla/vurdera
 - Hensikt: Gi eit godt målepunkt for ei breiare kartlegging nokre år seinare for å undersøka korleis kommunen har lykkast innanfor det utvalde området
 - Statusrapport: Ein forstudie vil samstundes munna ut i ein kortfatta statusrapport på feltet
- Rogaland Revisjon har ein visjon om at dei forvaltningsrevisjonane som blir gjennomførte skal vera nyttige for kommunen og bidra positivt i forbetringsarbeidet til kommunen

ATTERHALD OG VEGEN TIL ENDELEG PLAN

- Vurderinga er ikkje fullstendig eller uttømmmande!
- Utfordringsbilde og risikovurderingar må nødvendigvis ha eit innslag av skjønn
- Kontrollutvalet kan vurdere vesentlighet og risiko på ein annan måte
- Det er kontrollutvalet som avgjer og prioriterer rekkefølgja for prosjekta
- Planen blir vedtatt av kommunestyret
- Blir gjort gjeldande for perioden 2021-24


BEHOVSPROFIL OG RESSURSBRUK

BEHOVSPROFIL


Utgiftsbehov 2018	Suldal	Sauda	Vindafjord	Kostragr. 16
Grunnskole	126,9 %	104,6 %	108,8 %	124,6 %
Pleie og omsorg	123,3 %	131,0 %	106,7 %	128,2 %
Barnevern	82,1 %	87,6 %	85,0 %	88,7 %
Barnehage	103,0 %	94,0 %	100,8 %	89,0 %
Kommunehelse	140,7 %	111,7 %	108,5 %	156,8 %
Sosiale tjenester	67,8 %	72,4 %	71,2 %	75,2 %
Adm, styring og fellesutgifter	129,4 %	112,2 %	103,6 %	170,2 %
Totalt	118,2 %	110,4 %	103,9 %	121,4 %

- Utgiftsbehov er utrekninga til staten av utfordringane i kommunen innanfor det aktuelle tenesteområdet i forhold til landsgjennomsnittet. Utgiftsbehovet blir definert i Statsbudsjettet (grønt hefte), er berekna ut frå objektive kriterium, og består av variablar kommunane ikkje kan påverka
- Eksempel på korleis tabellen skal lesast: Innanfor grunnskule er Suldal behovet sitt 27 prosent høgare enn landssnittet, medan behovet er 32 prosent lågare enn landssnittet innan sosiale tenester

NETTO DRIFTSUTGIFTER PER INNBYGGAR – KORR. FOR UTGIFTSBEHOV (2018)



BEHOVSKORRIGERTE UTGIFTAR – ET UTVAL SEKTORAR (LANDSSNITT = 100 %)



FORSLAG TIL TEMA FOR NYE FORVALTNINGSREVISJONAR

LEGETENESTA OG LEGEVAKTA

- *Legevakt – bemanning og drift* var eit av tema i førre plan for forvaltningsrevisjon, men vart ikkje gjennomført
- Rogaland Revisjon gjennomførte ein forvaltningsrevisjon av legetenesta i 2015. Denne viste fleire ting. Mellom anna høg utskifting av legar og lang ventetid. I tillegg viste undersøkinga sterk utgiftsvekst og høge utgifter, og svært høge utgifter forbunde med legevakta
- Vi er informerte mange av dei same utfordringane framleis gjer seg gjeldande:
 - Kommunen slit med å rekruttera legar i faste stillingar
 - Det er framleis utfordringar med vikarar og nye legar, og legetenesta manglar erfarne legar og stabilitet i gruppa
- I forvaltningsrevisjonen frå 2015 vart det peika på at legevakta var ei stor utfordring, både i seg sjølv og for driftinga av legekantoret. Vi er informerte om at legevakta framleis er krevjande å drifta

Forslag: Ein ny gjennomgang av legekantoret og legevakta. Ein naturleg innfallsvinkel i eit slikt prosjekt ville vera å ta utgangspunkt i førre forvaltningsrevisjon. Sentrale spørsmål:

- Kva er status i dag? Kva er dei største utfordringane? Kva kan gjerast for å handtera desse utfordringane



STYRING OG KONTROLL MED INVESTERINGSPROSJEKT

- For 2020 er det lagt inn investeringer i 2020 for 117 millionar. Med forventet overføring på om lag 80 millionar frå 2019, vil regulert investeringsbudsjett for 2020 bli på heile 197 millionar
- Suldal bad er ein av dei større investeringane. Gjennomføringa av dette byggeprosjektet vore krevjande, noko som og har resultert i at ferdigstillinga har dratt ut i tid
- Sjølvbyggjninga starta i oktober 2016, med ein berekna byggeperiode på 21 månader, til ein anslått kostnad på 104 millionar kroner, med eit brutto areal på 2800 m²
- Økonomiplan 2020-2023: Prosjektleiar har kome med antydningar om at prosjektkostnaden i verste fall kan ende på kring 155 millionar. Det er stor usikkerheit knytt til sluttoppgjeret med hovudentreprenøren

Aktuelle tema: Undersøke gjennomføring av investeringsprosjekter, der Suldal bad kanskje er det mest aktuelle caset.

Døme på problemstillingar:

- Er investeringsprosjektet planlagt, styrt og gjennomført på ein tilfredsstillande måte?
- I kva grad har kommunen system, kapasitet og kompetanse til å gjera nødvendige analysar i tidligfasen/planleggingsfasen?

FOREBYGGING OG TIDLIG INNSATS

Tidleg innsats er viktig for å sikra at fleire elevar gjennomfører vidaregåande opplæring

Suldal har i 2018 ingen spesielt høg del elevar med spesialundervisning (7,5 %) samanlikna med andre kommunar.

- Men ressursfordelinga mellom trinna er ujamn. På ungdomsskuletrinnet utgjer lærartimane til spesialundervisning 38 prosent av det totale talet læretimer (9,6 % av elevane). På småskuletrinnet utgjer spesialundervisningstimane 13,6 % av læretimane (5,8 % av elevane)
- Ifølgje leiargruppa er spesialundervisningsandelen på veg opp i 2019/2020

Ein kan tenka seg tidleg innsats på fleire måtar. Døme:

- Barnehagar. God kvalitet på observasjon, godt tverrfagleg arbeid og god brukarinvolvering er sentralt
- Skole: Utfordringa er å vri ressursar frå enkelttiltak seint i skoleløpet til førebyggjande generelle tiltak tidleg i skoleløpet
- Psykisk helse. I ungdomsskulealder er det stadig fleire unge som rapporterer om psykiske plager. Kanskje kunne meir vera gjort i barnehage og barneskule for å førebygga psykisk uhelse

Forslag: Undersøka korleis kommunen jobbar med tidleg innsats i barnehagen og i barneskulen. Det vil seia korleis tilsette i barnehagar og barneskular arbeider med tidleg innsats, i samarbeid med ulike støtte- og hjelpetenester

Fleire kommunar har ytra ønske om eit prosjekt om tidleg innsats, noko som aukar moglegheitene for samanlikningar og for å borre djupare



KRITISK KOMPETANSE

Kompetanse, bemanning og rekruttering var eit prioritert område i førre plan for forvaltningsrevisjon, men vart ikkje gjennomført

I likskap med mange andre bygdekommunar, har Suldal store kompetanseutfordringar

Tydelegast er det no for lege, sjukepleiar, barnehagelærar og grunnskulelærar for barnetrinna.

Dei siste åra har kommunen satsa på to tiltak:

- Stipend til enkelte studentgrupper mot at dei tek helgejobb eller sommarjobb i kommunen.
- Betalt vidareutdanning og gitt redusert stilling til fagarbeidarar som vil ta desentraliserte utdanningstilbod for å bli barnehagelærar (6 personar) eller sjukepleiar (1 person).

Forslag: Kartlegga den noverande kompetansesituasjonen innan utvalde sektorar, til dømes helse og omsorg og/eller oppvekst. Korleis vil avgangen av tilsette med kritisk kompetanse vera i åra framover?

Undersøka kva kommunen kan gjera for å nyttiggjera seg eksisterande kompetanse på ein betre måte, og for å gjera kommunen attraktiv for arbeidstakarar med ønskt kompetanse (utover det som allereie blir gjort).



INTEGRERING AV FLYKTNINGAR

Integrering av flyktningar var eit prioritert område i førre plan for forvaltningsrevisjon, men vart ikkje gjennomført

Målet i økonomiplanen er at Suldal skal vera ein kommune kor alle tilflyttarar, både norske og utanlandske, er godt integrert

- Deltakarar i introduksjonsprogrammet skal vera klar til yrke eller utdanning etter fullført program
- Elevane i vaksenopplæringa skal læra norsk språk så godt at dei kan nytta det til å kommunisera i alle samanhengar.

Ifølge økonomiplanen tok Suldal imot 10 nye flyktningar i 2019 og skal ta i mot 10 nye frå 2020 og resten av planperioden (2020-2023)

Eit sentralt spørsmål er kva som skjer med flyktningane etter at dei er ferdig med opplæringa, og i kva grad dei blir verande i kommunen

Forslag: Korleis lykkast Suldal i integreringsarbeidet? Klarar kommunen å gjera flyktningane økonomisk sjølvstendige? Moglege tema:

- Kva utdanningstilbod får flyktningane og kor mange fullfører?
- Kor mange blir buande i kommunen etter avslutta opplæring? Kva kjenneteiknar dei som blir i kommunen og kva kjenneteiknar dei som flyttar frå kommunen?
- Kor mange flyktningar kjem seg ut i jobb etter avslutta opplæring?
- I kva grad blir dei integrerte i nærmiljøet?
- Kva kjenneteiknar dei som blir godt integrert både økonomisk og sosialt?

SPESIALUNDERVISNING

- Suldal bruker i gjennomsnitt 225 årstimar per spesialundervisningselev i året. Snittet i Rogaland er 128 årstimar per elev
- Spesialundervisning var eit prioritert område i førre plan for forvaltningsrevisjon, men vart ikkje gjennomført
- **Forslag:** Undersøka korleis spesialundervisninga er organisert (ein til ein, mindre gruppe, tolærerundervisning osv.) og om undervisninga kan organiserast på ein betre måte. I prosjektet vil det òg vera aktuelt å sjå nærare på medverknaden til eleven i spesialundervisninga, og samarbeid mellom skule og familie
- Kvaliteten i eit slikt prosjekt vil styrkast dersom andre kommunar vel eit liknande prosjekt, sidan ein då kan gjera kvalitative samanlikning, noko som vil auka læringseffekten



MILJØTENESTA

Miljøteneste er praktisk bistand, råd og rettleiing til personar med funksjonsnedsetjing

Funksjonsnedsettelse kan komma av psykisk liding, rusliding, reduserte kognitive funksjonar eller fysisk funksjonshemming

Tjenesten skal bidra til at du kan leva og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre

Omfattende teneste målt i budsjett og tilsette

God og målretta innsats tidleg er bra for brukar og bra for økonomien

Miljøtjenesten har ikkje vore undersøkt tidlegare

Forslag: Ein gjennomgang av miljøtenesta. Stikkord. Tidleg innsats, samarbeid, samhandling, kompetanse, brukar- og pårørendeinvolvering

Tilsvarende prosjekt er òg foreslått i andre kommunar, noko som gir grunnlag for samarbeid



FORBETRING OG EFFEKTIVISERING

Forventning om strammare økonomiske rammer framover

Behov for å tilpassa tenestene til nye rammer

Framsikt: Suldal har eit teoretisk innsparingspotensial/ handlingsrom på dei fleste områda, samanlikna med landssnittet

Det er viktig å understreka at dette er teoretisk og ikkje eit konkret observert innsparingspotensial. Men dette kan gi grunnlag for ei nærare undersøking av kva effektiviseringsmuligheter som finst

Forslag: Undersøka moglegheiter for forbetring og effektivisering

Fleire område kan vera aktuelle.

- I første omgang tilrår vi ikkje å velja pleie- og omsorg, sidan denne sektoren står overfor ei betydeleg omorganisering og ein del pågåande prosjekt. Kanskje kan det likevel vera aktuelt mot slutten av perioden, for å undersøka effektane av endringane

BARNEVERNSTENESTA - BRUKERMEDVIRKNING OG SAMHANDLING

For at barnevernet skal gi god og riktig hjelp, må dei høyra på barna dei skal hjelpa. Fleire tidlegare tilsyn i Noreg har vist at barn medverkar i for lita grad i barnevernet. Derfor vart barnevernlova endra i 2018. No kjem fram det tydeleg at barn har ein sjølvstendig rett til å medverka i alle forhold som gjeld dei

Korleis ei barnevernssak utartar seg, blir ofte påverka av det arbeidet/samarbeid med familien som er gjort før det blir ei barnevernssak

Openheit og tydelighet i kommunikasjon er som regel tillitsskapande, sjølv om partane kan vera usamde i kva som er barnets beste

Samarbeid med foreldre og barn gir moglegheiter og avgrensingar. Tidspress og ressursar vil vera faktorar som påverkar samarbeidet, og høgt tidspress kan gi mindre gode avgjerder

Forslag: Undersøka brukarmedverknad, samarbeid og samhandling innan barnevernstenesta, med ei særskild merksemd retta mot saker som opplevast som krevjande og utfordrande. Og: I kva grad testar ein ut nye måtar å samhandle på dersom den vanlege samhandlingsformen ikkje verkar?

Det vil òg kunna vera aktuelt å sjå nærare på samarbeidet til barnevernet med skulen



OPPSUMMERING – FORSLAG TIL TEMA FOR NYE FORVALTNINGSREVISJONAR

FORSLAG TIL REVISJONSPROSJEKTER (UPRIORITERT)

Forslag til revisjonsprosjekt	Tjenesteområde	Prioritering/merknad framdrift
Legetenesta og legevakta	Helse og omsorg	1. Prioritering
Styring og kontroll med investeringsprosjekt	Utvikling, plan og teknisk	1. Prioritering
Forebygging og tidlig innsats	Fleire sektorar kan vera aktuelle	1. Prioritering
Kritisk kompetanse	Fleire sektorar kan vera aktuelle	1. Prioritering
Integrering av flyktningar	Oppvekst	1. Prioritering
Spesialundervisning	Oppvekst	1. Prioritering – ein fordel at fleire kommuner blir med
Miljøtenesta	Helse og omsorg	1. Prioritering
Forbetring og effektivisering	Fleire sektorar kan vera aktuelle	2. Prioritering
Barneverntenesta – brukarmedvirkning og samhandling	Helse og omsorg	2. Prioritering

FORSLAG TIL FORVALTNINGSREVISJON OG EIERSKAPSKONTROLLAR AV SELSKAPER

Selskap	Kontroll sist	Forslag til år for kontroll
IVAR IKS	2017	2020

- Dette vil også omfatte heleide datterselskaper. Andre datterselskaper og tilknyttede selskaper vil bli omtalt, men i utgangspunktet ikke spesielt kontrollert.
- De foreslåtte selskapene har mange eiere og vi foreslår de samme selskapene overfor de andre eierne. For mer om vurderingsgrunnlaget for disse forslagene, se vedlagte risikovurdering for eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskaper
- Det kan òg gjennomførast forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll av annet vesentleg selskap. Med annet vesentleg selskap tenkjar vi fyrst og fremst på Haugaland Kraft AS og Haugaland brann og redning IKS. Suldal bør i så tilfelle samordna seg med andre eigarar på Haugalandet.

A large, bold, white letter 'R' is positioned on the left side of the slide. The letter is stylized with a thick stroke and a sharp, angular cutout in the middle of its vertical stem.

Rogaland
Revisjon

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Risiko- og vesentlegheitsvurdering

Suldal, 2020



INNHALD

Oversikt.....	3
Lovreglane på området	4
1 Aktuelle organisasjons- og selskapsformer.....	6
2 Vesentlegheit og risiko i kommunalt eigde selskap	7
3 Heileigde og deleigde kommunale selskap	9
4 Forslag forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar.....	9
4.1 Interkommunale selskap	10
4.2 Deleigde aksjeselskap	10
4.3 Revisjonen sitt forslag til prioritering.....	11
Vedlegg	12

OVERSIKT

Vurderinga er ferdigstilt Februar 2020 for Kontrollutvalet i Suldal	Metode for gjennomføring av vurderinga • Vi har innhenta oversikt over eigarskapet (selskapa) til kommunen • Selskapa si vesentlegheit: ○ Innspel frå eigarskapsgruppe ○ Vår eiga oppfatning av selskapa si vesentlegheit • Kommunen sin risiko ved eigarstyringa av enkeltselskap: ○ Innspel frå kommunen • Risikoen til selskapa: ○ Innspel frå eigarskapsgruppe ○ Selskapa sine årsrapportar om framtidsutsikter og risiko ○ (utvalde årsrapportar for 2018) ○ Utviklinga i resultata og eigenkapitalen til selskapa (rekneskapsåra 2016-2018) ○ Eventuelle oppslag i media om selskapa det siste året
Formål Formålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finna ut kva selskap som har størst behov for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Det blir vist til kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Forvaltningsrevisjon tar for seg selskapet si drift og utvikling, medan eigarskapkontroll handlar om kommunen si eigarstyring av selskapet.	

Vurderinga er utarbeidd av forvaltningsrevisor Rune Eskeland. Den er kvalitetssikra av fagansvarleg for forvaltningsrevisjon Christian Friestad og revisjonsdirektør Rune Haukaas

Vi har fått innspel på forvaltningsrevisjonar i selskap frå den interkommunale eigarskapsgruppa for selskap kor og Suldal er eigar.¹

Vi har ikkje fått innspel på eigarskapkontroll i enkeltselskap. Det vil likevel kunna bli sett på dette samtidig med forvaltningsrevisjon i selskapa.

Vår gjennomgang av drifta til selskapa dei tre siste åra (2016-2018) og årsrapportar (2018) avdekte i lita grad særskilde forhold m.o.t. forvaltningsrevisjon/eigarskapkontroll.

¹ Eigarskapsgruppa består av dei ni kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger, Strand og Time, samt Rogaland fylkeskommune. Kommunedirektørane (rådmennene) bruker ei felles arbeidsgruppe (eigarskapgruppe) i sitt saksforberedande arbeid i eigarskaps spørsmål. Dette omfattar m.a. selskap som kommunane eig saman. Gruppa er godt kjent med drifta og utviklinga til dei enkelte selskap.

LOVREGLANE PÅ OMRÅDET

Lovreglane om forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll i selskap er nyleg tredd i kraft.² Men tidlegare kommunelov hadde òg lovreglar om dette gjennom såkalla selskapskontroll.

Selskapskontroll etter tidlegare lovreglar kunne vera både ein obligatorisk selskapskontroll (såkalla eigarskapkontroll) og ein frivillig forvaltningsrevisjon av enkeltselskap.

Ny kommunelov

Ifølgje kommunelova § 23-2.1c skal kontrollutvalet sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen, og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Ifølgje kommunelova § 23-2.1d skal kontrollutvalet òg sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll)

Forvaltningsrevisjon er nærare omtalt i kommunelova § 23-3

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-6 har reglar om innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) interkommunale politiske råd*
- c) kommunale oppgavefellesskap*
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

Opplysningene etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.

² Ny kommunelov vart vedtatt 11.06.2018. Dei fleste kapitla i lova tredd i kraft når det nye kommunestyret vart konstituert etter valet hausten 2019. Økonomiregkane tredd i kraft 01.01.2020. Lovreglane om eigarskapkontroll og forvaltningsrevisjon står no berre i kommunelova. Det står ikkje noko om dette i eiga forskrift

Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig.

Kommunestyret og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Eigarskapkontroll er skild ut for seg som eiga revisjonsoppgåve

I lovforarbeida til ny kommunelov blir det sagde at bruken av omgrepet selskapskontroll er «eigna til å forvirra».³ Ved dei nye lovreglane går derfor omgrepet «selskapskontroll» ut.

Omgrepet «eigarskapkontroll» består, men eigarskapkontroll er no skild ut for seg som ei eiga revisjonsoppgåve i kommunelova § 23-4.

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Av praktiske årsaker ser vi på eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i enkeltsselskap i det same dokumentet her. Dette kan gjerne sjåast saman.

Nye samarbeidsformer i ny kommunelov


Det er kome to nye samarbeidsformer til erstatning for interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 i førre lov. Dette er regionråd (kapittel 18) og oppgåvefellesskap (kapittel 19). Modellane er meinte å vera enklare samarbeidsordningar samanlikna med samarbeid etter lova om interkommunale selskap (IKS'er). Dagens § 27-selskap må omdanna seg enten til regionråd eller oppgåvefellesskap, alternativt omorganisert til anna selskapsform, seinast fire år etter at den nye kommunelova har tredd i kraft.

³ Etter vurderinga frå utvalet er bruken av omgrepet selskapskontroll som ein overbygning for eigarskapkontroll (som omhandlar eigarskapforvaltninga til kommunen) og forvaltningsrevisjon (som omhandlar vurdering av selskapa si drift) eigna til å forvirra. Omgrepa blir nok i praksis brukte om kvarandre og utan at brukarane alltid skil heilt mellom dei. Ein slik uklårheit er etter vurderinga frå utvalet uheldig.

1 AKTUELLE ORGANISASJONS- OG SELSKAPSFORMER

Ofte vil det ligga fleire motiv til grunn for at kommunen etablerer eit selskap, eller går inn som medeigar/deltakar saman med andre. Motiv for kommunen sitt eigarskap i det enkelte selskap og val av selskapsform kjem fram av saksutgreiingane som i si tid vart utarbeidde. Det same gjeld motiva til kommunen for å gå inn på eigarsida i eksisterande selskap.

Figur 1 Oversikt over aktuelle organisasjons- og selskapsformer



Forvaltningsrevisjon i selskap omfattar det som er sjølvstendige rettssubjekt med unntak for foreiningar og stiftelsar som er sjølveigde verksemdar. Foreiningar er ikkje lovregulerte og dei er eigd av medlemmane. Organiseringa nedst gjeld fleire typar eigarar (kommunar og/eller private, staten e.a.). Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap vil vera organisert som interkommunalt samarbeid i dag. Alle desse tre samarbeidsformene kan enten vera ein del av kommunen sitt rettssubjekt eller sjølvstendige rettssubjekt. Vertskommunesamarbeid kan ikkje vera sjølvstendige rettssubjekt.

Eigarane står ganske fritt i val av selskapsform. Aksjeselskapsforma er likevel lovkrav eller anbefaling for ei rekke typar verksemdar (energiproduksjon, arbeidsmarknadsbedrifter og bompengeselskap). Aksjeselskapsforma kan sjåast godt på tilpassa for verksemdar som opererer i ein marknad med risiko- og konkurranseeksponeering.

IKS-forma kan sjåast som godt tilpassa for verksemdar som handterer kommunale oppgåver i eigenregi for eigarane (deltakarane) og kor det elles ikkje er aktuelt med fortjeneste/utbytte (typisk verksemdar som driv med kultur, idrett eller under sjølvkostregimet). Slike selskap blir gjerne oppretta når dette gir ein effektivitet i tenesteproduksjonen til kommunane. Dersom det blir drive næring med fortjeneste/utbyttiemoglegheiter i eit IKS, vil dette ofte vera skilt ut i heileigde dotterselskap som er aksjeselskap,

2 VESENTLEGHEIT OG RISIKO I KOMMUNALT EIGDE SELSKAP

Vesentlegheit

Formålet til eit selskap vil vera av stor tyding for i kva grad det kan sjåast på som vesentleg. Meiningane om eit selskap sin vesentlegheit vil likevel gjerne sprika alt etter kven ein spør. Til dømes kommuneadministrasjonen og politikarar, dei tilsette i selskapet, brukarane av selskapet og meiningar om dette elles.

Momenta nedanfor kan likevel vera eit utgangspunkt for i kva grad eit selskap kan sjåast på som vesentleg.

Kor viktig er selskapet for målsettingane til kommunen?

- Økonomisk bidragsytar til kommunen
- Forvaltar store verdiar for kommunen
- Leverer viktige kommunale tenester
- Oppnår eit politisk mål for kommunen

Risiko

Her er det lista opp fleire ulike typar risikoar. Alle desse risikoane kan vera aktuelle som utgangspunkt for problemstillingar.

Kor stor risiko er det for at formålet med eigarskapet ikkje nås?

Risiko ved eigarstyringa av selskapet (kommunen)

- Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret
- Risiko for at kommunen/eigarrepresentanten ikkje følgjer opp at selskapet driv i tråd med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret (irekna dei overordna eigarstrategiane til kommunen eller eventuelt eigne eigarstrategiar for selskapet)
- Risiko for manglande politisk styring med oppgåver/tenester som blir utført av selskapet på vegne av kommunen
- Risiko for at kommunen ikkje vel styremedlemmer med tanke på selskapet sitt beste (den styret si samla nødvendige kompetanse for å nå målet til selskapet)

Risiko hos selskapet (selskapet si drift og utvikling)

- Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret (irekna dei overordna eigarstrategiane til kommunen eller eventuelt egne eigarstrategiar for selskapet)
- Risiko for at tenestetilbodet og dei leverte tenestene ikkje er tilfredsstillande
- Risiko for at selskapet ikkje blir drive på ein økonomisk forsvarleg måte
- Risiko for at svake driftsresultat, store budsjettoverskridingar eller store investeringar medfører redusert avkastning/utbytte, auka kommunale tilskot til drifta eller behov for kapitalinnskot
- Risiko for at større investeringar ikkje blir gjennomførte på ein tilfredsstillande måte
- Risiko for at oppkjøp av/deltaking i andre selskap/etablering av dotterselskap ikkje blir gjennomførte på ein tilfredsstillande måte
- Risiko for manglande openheit/meirotfentlegheit om selskapet si verksemd
- Risiko for at selskapet ikkje blir drive i tråd med lover og reglar som gjeld for selskapet, medrekna:
- Risiko for at selskapet ikkje blir drive i tråd med lovreglar om offentlege innkjøp
 - Risiko for at selskapet ikkje blir drive i tråd med lovreglar om offentlegheit
 - Risiko for at selskapet ikkje blir drive i tråd med lovreglar om etikk/habilitet⁴
 - Risiko for at selskapet ikkje blir drive i tråd med lovreglar om arbeidsmiljø/HMS

Presisering

Risiko ved eigarstyringa av selskapet tar ikkje for seg ei vurdering av den samla eigarskapforvaltninga til kommunen. Den samla eigarskapforvaltninga til kommunen er eige tema i samband med vår risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd.

Det er i tidlegare planperiodar sett på kommunane sitt eigarskap samla for ein kommune gjennom egne eigarskapforvaltningsprosjekt. Prosjekta har m.a. tatt for seg eigarskapsmeldinga til kommunen, overordna eigarstrategiar (prinsipp for godt eigarskap) og dessutan kommunen sine reglar og rutinar for eigaroppfølging.

⁴ Med etikk/habilitet blir det tenkt både på rolleblanding/inhabilitet for enkeltpersonar i den administrative leiinga/styret og på prinsippet om armlengdas avstand ved interne avtalar/transaksjonar mellom selskap i same konsern.

3 HEILEIGDE OG DELEIGDE KOMMUNALE SELSKAP

Heileigde kommunale selskap

Kontrollutvalet har innsynsrett i heileigde selskap ifølgje kommunelova § 23-6. Med heileigde selskap meiner vi aksjeselskap berre av eigd av kommunar /fylkeskommunar og interkommunale selskap (IKS'er). I tillegg kjem dei to nye samarbeidsformene kommunalt oppgåvefellesskap og interkommunalt politisk råd, men det er ingen slike selskap pr. dato. Vi nemnar òg dagens interkommunale samarbeid ifølgje kommunelova § 27. Dette gjeld likevel stort sett friluftsråd.

Deleigde kommunale selskap

Med deleigde selskap meiner vi selskap kor det er andre typar eigarar (private, staten e.a.). Med deleigde selskap har ikkje kontrollutvalet innsynsrett. Det same gjeld andre selskapsformer enn nemnt i kommunelova § 23-6 (til dømes samvirke). Forvaltningsrevisjon i dei nemnde selskap kan berre gjerast etter avtale med andre eigarar eller når det eventuelt er vedtektsfesta. Det kan likevel nå uansett gjennomførast ein «kontraktsrevisjon», jf. kommunelova 23-6, siste ledd. Vi antar inntil vidare at dette òg kan gjelda ved tilskot til stiftelsar. Det same gjeld elles foreiningar.

4 FORSLAG FORVALTNINGSREVISJONAR OG EIGARSKAPSKONTROLLAR

Selskapa sin vesentlegheit og risiko

Alle kommunen sine heileigde selskap kan i utgangspunktet sjåast på som vesentlege. Dei fleste av desse selskapa har viktige samfunnsmessige formål og oppgåver. Ein del slike formål og oppgåver ligg likevel òg i deleigde selskap.

Vi ser sjølv på selskapa Haugaland Kraft AS og Haugaland brann og redning IKS som dei mest vesentlege selskapa til kommunen. I tillegg kjem og IVAR IKS så snart medlemskapen er klar. Dette kjem av det viktige formålet med selskapa. Haugaland Kraft er dessutan ei betydeleg finansieringskjelde for verksemda til kommunen.

IVAR blir òg trekte fram av den interkommunale eigarskapgruppa. Eigarskapgruppa er elles godt kjent med drifta og utviklinga til dei enkelte selskap (risiko) i Stavangerregionen. Dei har på dette grunnlag komme med ei rekke innspel på forvaltningsrevisjonar i selskap. Det blir vist til dei to selskapsoversiktene som følgjer nedanfor.

4.1 INTERKOMMUNALE SELSKAP

- Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA): Flere endringer i deltakelsen i selskapet (både enkeltsaker og som følge av kommunereformen). IKA har nå etablert seg i nye permanente lokaler Arkivenes Hus. Eierstrategi for IKA IKS er nødvendig og prioritert arbeid i 2020.
- IVAR IKS: Prioriteres i 2020. Nytt regelverk om selvkost, spørsmål om ytterligere utvidelser av selskapet med flere kommuner. Sak i arbeid med økt låneramme fra 5 til 7 milliarder. Store investeringer, men også fremdriftsmessige avvik som er vesentlige investeringer i nye anlegg vs. lønnsomhetsvurderinger, risiko, finansiell styring.
 - IVAR IKS har ett heleid datterselskap (IVAR Næring AS) og seks tilknyttede selskaper.
- Rogaland Revisjon IKS: Selskapet har ny strategi, samarbeid med andre revisjoner /regioner (utvikling) og eierkommunene har stilt seg bak vekststrategien som svar på en fremtidsrettet kommunerevisjon. Selskapskontroll m/forvaltningsrevisjon i siste del av valgperioden prioriteres. Nyttig bidrag for videre utvikling av selskapet.

4.2 DELEIGDE AKSJESELSKAP

- Lysefjorden Utvikling AS: Større endring i eierstruktur, vedtekter mv. har vært behandlet i 2019, flere forhold tatt opp bl.a. forholdet til statsstøtteregelverket, oppgaver/ansvarsfordeling.⁵

Eigarskapsgruppa har følgjande generelle innspel til «selskapskontrollar»

Vi ser det som vesentlig at ny kommunelov sine muligheter til å også inkludere forvaltningsrevisjon brukes aktivt. Vi tror det kan gi utfyllende innsikt og kunnskap og dermed gi gode læringsresultater for målrettet eierstyring av selskapet fremover.

Selvkost, hensynet til statsstøtteregelverket og merverdiavgift er tre temaer som vi ser bør løftes frem i mandatene for selskapskontrollene. Dette er stadig tilbakevendende spørsmål i arbeidet knyttet til eierskapsutøvelsen. I tillegg må risiko løftes opp, både finansiell risiko i selskapet, men ikke minst økonomisk og tjenesterelatert risiko for kommunene om noe skjer i et selskap. At en tjeneste plutselig blir bort/må kuttes kan være like risikofylt for kommunen som de rent økonomiske.

I den grad det gis åpning for det/er tillatt – stiller gruppen seg til disposisjon til å gi innspill i arbeidet med mandatutforming for den spesifikke selskapskontrollen når en kommer til det. Læring og økt kunnskap er vår motivasjon for dette. Selskapskontroll er et viktig og nyttig verktøy i eieroppfølgingen og i å utvikle oss kommuner til å bli enda bedre eiere.

⁵ Dette er eit deleigd kommunalt selskap. Forvaltningsrevisjon må derfor avklarast med dei private eigarane. Vi kan ifølgje ny kommunelov uansett gjennomføra ein «kontraktsrevisjon». Vi kan òg bruka all offentleg informasjon.

Våre kommentarar til innspela

Eigarskapgruppa foreslår 4 forvaltningsrevisjonar av selskap i planperioden. Eit slikt omfang vil leggja beslag på ein stor del av ressursane til kontrollutvalet i høve til forvaltningsrevisjonar av kommunen sine verksemdar. I den førre planperioden vart det ikkje gjennomført selskapskontrollar der Suldal kommune var involvert. Det blir vist til oversikta i vedlegg.

Ut frå dette vil vi foreslå at det blir utført 1-2 forvaltningsrevisjonar av selskap i planperioden og kor det blir fokusert på dei mest vesentlege selskapa til kommunen. Det kan òg gjerne utførast ein samtidig eigarskapkontroll av desse selskapa.

4.3 REVISJONEN SITT FORSLAG TIL PRIORITERING

På grunnlag av det ovenståande og tilgjengelege ressursar foreslår vi forvaltningsrevisjonar med eigarskapkontrollar slik i planperioden:

- IVAR IKS

Dette vil òg omfatta heileigde dotterselskap. Andre dotterselskap og tilknytta selskap vil bli omtalt, men i utgangspunktet ikkje spesielt kontrollert. Dette kjem an på kva drift/funksjon som er lagt i desse selskapa. Når det ved desse selskapa er andre typar eigarar (private, staten e.a.), har likevel kontrollutvalet ikkje innsynsrett.

Vi foreslår det same selskapet overfor dei andre eigarane. Selskapet har mange eigarar.

Det kan òg gjennomførast forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll av annet vesentleg selskap. Med annet vesentleg selskap tenkjar vi fyrst og fremst på Haugaland Kraft AS og Haugaland brann og redning IKS. Suldal bør i så tilfelle samordna seg med andre eigarar på Haugalandet.

VEDLEGG

Gjennomførte selskapskontrollar av kommunen sine selskap

Dette gjeld kombinerte eigarskapskontrollar⁶ og forvaltningsrevisjonar (dvs. det som den gang heitte selskapskontroll med forvaltningsrevisjon).

Tabell 1 Oversikt over selskapskontrollar av kommunen sine selskap 2004-2019

Selskapskontrollar ⁷			
Ryfylke Miljøverk IKS	2006	Rogaland Revisjon IKS	2011
Ryfylke-kommunane IKS	2007	Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	2013
Ryfylke Miljøverk IKS	2010		

Selskapskontrollen av Rogaland Revisjon er utført av ReVisor AS.

Alle selskapskontrollane gjaldt heileigde kommunale selskap.

⁶ Selskapskontrollane har i all hovudsak vore ein forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og utvikling, men kor det og vart sett noko på eigarrepresentantane si oppfølging av selskapet og eigarane sitt val av styre.

⁷ Det har vore nokon selskapsendringar i perioden. Ryfylke-kommunane IKS heiter i dag Ryfylke IKS. Ryfylke Miljøverk IKS er frå 2020 gått inn i IVAR IKS. Suldal kommune har søkt om medlemskap i IVAR IKS.

Kommunen sine selskap

Suldal kommune er eigar i 24 selskap (direkte eigd).

Heileigde aksjeselskap

- Kommunekraft AS
- Rygjatun Eigedom AS
- Suldal Bad Publikum AS

Interkommunale selskap

- Haugaland brann og redning IKS
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
- Haugaland Vekst IKS
- Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS (IKA)
- Krisesenter Vest IKS
- IVAR IKS (nytt frå 01.01.2020, etter at Ryfylke Miljøverk IKS vart nedlagt)
- Ryfylke IKS

Deleigde aksjeselskap

- ByggOpp Rogaland AS
- Gullingen Utviklingselskap AS
- Haugaland Kraft AS (Suldal Elverk KF vart fusjonert inn frå 01.01.2019)
- Haukelivegen AS
- Lysefjorden Utvikling AS
- Norsk Bane AS
- Reisemål Ryfylke AS
- Rysteg AS
- Suldalsposten AS
- Suldal Vekst AS

Andre selskapsformer

- Biblioteksentralen SA
- Ryfylke Friluftsråd (IS)
- IS Fjordvegen (interesseselskap)
- KLP (gjensidig forsikringsselskap)

Suldal er eigar i mange selskap samanlikna med andre mindre kommunar vi har sett på.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.03.20	04/20
Kommunestyret	19.05.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for 2019

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2019 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2019 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 12.03.20

Odd Gunnar Høie
 Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2019

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta, og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen og selskap som kommunen eig eller er deleigar i gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlemmer, og etter kommunelova § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval eller vere styret eller bedriftsforsamlingar der kommunen har eigarinteresser.

Utvalet har i 2019 hatt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer:

Leiar	Vanja Ignjatic (H)
Nestleiar	Tormod Skeie (SV)
Medlem	Otto Underbakke (H)
Medlem	Eldbjørg Sivertsen (Krf)
Medlem	Berit Myrland (SV)

Varamedlemer:

- 1. Sigrunn Vetrhus (Sp)**
- 2. Silje Helen Færøy (Ap)**
- 3. Olav Martin Skaar (V)**

Det var ingen frå utvalet som var fast medlem i kommunestyret etter at Heine Mo Willig måtte gå ut av utvalet i 2016. Utvalsleiar var varamedlem.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ho har ikkje møtt i 2019. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han, eller andre frå administrasjonen har delteke i alle møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar Tormod Skeie (SV)
Nestleiar Henrik Halsne (Ap)
Medlem Ragnhild Sukka (V)
Medlem Eldbjørg Sivertsen (Uavh)
Medlem Per Gudmund Øxtra (Sp)

Varamedlemmer:

1. Dag Fisketjøn (V)
~~2. Svein Øystein Berge (Ap)-fått fritak~~
3. Janneke Wijergangs (MDG)

Per Gudmund Øxtra er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Svein Øystein Berge fekk i kommunestyremøtet 12.12.19 fritak for perioden 2019-2023.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2019

Kontrollutvalet har i 2019 (2018) hatt **5** (4) møte fordelt på tri møte første halvår og to møte andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei skal og kan lukkast når det er heimla i lov.

Utvalet har hatt **26** (24) saker til handsaming, kor **8** (5) saker blei oversendt til kommunestyret. **41** (36) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var ingen frå Suldal som deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i januar eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni.

På dagskonferansen i Sandnes i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland deltok alle fem medlemmane. Normalt er denne konferansen i november, men pga. val av nye utval blei samlinga skjøve til 9. januar 2020.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet

og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalet hadde i møtet 30.04.19, sak 9/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 13,5 mill.kr.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 61,5 mill. kr, som utgjer 10,7 % av driftsinntektene. Resultatet var også i fjor heilt i toppsjiktet blant norske kommunar.

I same møtet handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, sak 10/19. Årsresultatet for Suldal Elverk KF var på 15,5 mill. kr.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til rekneskapa. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

Årsrapport og skatterekneskapen 2018 frå Skatteoppkrevjaren vart lagt fram til orientering i møte 14.02.19.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 14.06.16, sak 43/16. Ny plan for 2020-2024 vil bli vedteken i år.

Kontrollutvalet handsama rapport om «Klima og energiplan» i møtet 05.09.19, sak 18/19. Revisjonen kom med seks tilrådingar i rapporten. Administrasjonen blei gitt ein frist på 9 månader for å følgje opp tilrådingane. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 24.09.19. og vedtok samrøystes utvalet si innstilling.

I møtet 14.02.19, sak 03/19 blei oppfølging av rapporten om «Forenkling, forbedring og effektivisering» handsama. Kommunestyret handsama oppfølgingssaka i møtet 19.03.19, og tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

I møtet 06.06.19, sak 13/19 blei oppfølging av rapporten om «Oppfølging av politiske vedtak» handsama. Kommunestyret handsama oppfølgingssaka i møtet 05.09.19, og tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

Det er tinga Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for levering i 2020.

4.3 SELSKAPS- OG EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 18.10.16, sak 75/16. Ny plan vil bli utarbeida og vedteken i år.

Kontrollutvalet handsama rapport om «Eigarskapsforvaltning» i møtet 06.06.19, sak 14/19. Revisjonen kom med fire tilrådingar i rapporten. Administrasjonen blei gitt ein frist på 9 månader for å følge opp tilrådingane. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 05.09.19. og vedtok samrøystes utvalet si innstilling.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor var i 2019 Tore Kristensen med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har møtt ein representant frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltnings-revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si eigenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I februarmøtet blei utvalet orientert om «IKT og informasjonstryggleik».

I maimøtet fekk utvalet orienteringar om «Fakturering i etterkant av dødsfall» og om «Arbeidsmiljølova og tilsetjingar».

I møtet 06.06.19 orienterte rådmannen om «Bruk og oppfølging av målbruksplan».

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar og KOSTRA-tall.

5 BUDSJETT/REKNESKAP- KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2019.

TENESTE 1100	REKNESKAP 2018	BUDSJETT 2019 (utvalet)	REKNESKAP 2019
Godtgjersle og driftsutgifter	201 679	255 000	118 015
Revisjonstenester	663 447	750 000	735 264
Sekretariatstenester	172 000	177 000	177 000
Sum utgifter (eks.mva.)	1 037 126	1 182 000	1 030 279

Kontrollutvalet handsama hausten 2019 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 318 000. Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 15 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2019, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

Tormod Skeie (vara for Vanja Ignjatic) møtte som representant for Suldal kommune på representantskapsmøtet 06.05.19.

For valperioden 2019 - 2023 er Gerd Helen Bø valt som medlem i representantskapet med 1. vara Øyvind Lovra Tveitane og 2. vara Øyvind Valen.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Utvalet har handsama to revisjonsrapportar og oppfølging av to rapportar. Det er tinga Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for levering i 2020. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 19. mars 2020

Eldbjørg Sivertsen

Tormod Skeie
Leiar

Ragnhild Sukka

Per Gudmund Øxtra

Henrik Halsne

VEDLEGG TIL ÅRMELDING 2019

Saker til handsaming:

01/19 Godkjenning av protokoll frå møte 08.11.18
 02/19 Referat- og orienteringssaker 14.02.19
 03/19 Oppfølging av revisjonsrapport – «Forenkling, forbetring og effektivisering»
 04/19 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Klima og energiplan»
 05/19 Revisor si egenerklæring
 06/19 Årsmelding for kontrollutvalet 2018

07/19 Godkjenning av protokoll frå møte 14.02.19
 08/19 Referat- og orienteringssaker 30.04.19
 09/19 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2018
 10/19 Suldal elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2018

11/19 Godkjenning av protokoll frå møte 30.04.19
 12/19 Referat- og orienteringssaker 06.06.19
 13/19 Oppfølging av revisjonsrapport – «Oppfølging av politiske vedtak»
 14/19 Revisjonsrapport – «Eigarskapsforvaltning»
 15/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019

16/19 Godkjenning av protokoll frå møte 06.06.19
 17/19 Referat- og orienteringssaker 05.09.19
 18/19 Revisjonsrapport – «Klima og energiplan»
 19/19 Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2020
 20/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2015-2019 2. gongs handsaming

21/19 Kontrollutvalets oppgåver og ansvar
 22/19 Framlegg til møteplan for 2020
 23/19 Godkjenning av protokoll frå møte 05.09.19
 24/19 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2019
 25/19 Bestilling av Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
 26/19 Referat- og orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Orientering om IKT og informasjonstryggleik v/rådmannen
2. Statusoversyn pr. februar 2019
3. Tertialrapport pr. 31.12.18 frå Rogaland Revisjon IKS
4. Årsrapport og skatterekneskap 2018 frå Skatteoppkrevjaren i Suldal
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2019 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 20.12.18
7. Evaluering/oppsummering av haustkonferansen i Sandnes 22.11.18
8. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutval 07.11.18

9. Kom. rapport 15.01.19 – prof. Bernt svarer – val av representantskap til et IKS
10. Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokratiet - Kommunal Rapport 31.01.19
11. Orientering om fakturering i etterkant av dødsfall v/rådmannen
12. Orientering om arbeidsmiljølova og tilsettingar v/rådmannen
13. Statusoversyn pr. april 2019
14. Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
15. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.19 – IKA IKS
16. Representantskapsmøte 06.05.19 – Haugaland kontrollutvalgssekr. IKS
17. Representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
18. Representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS
19. Orientering om bruk og oppfølging av målbruksplan v/rådmannen
20. Statusoversyn pr. mai 2019
21. Perioderapportering pr. 30.04.19 frå Rogaland Revisjon IKS
22. Protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
23. Protokoll frå rep.møte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS
24. Innkalling til generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
25. FKT og Arendalsuka 2019 – info skriv frå FKT
26. Statusoversyn pr. september 2019
27. Perioderapportering pr. 31.07.19 frå Rogaland Revisjon IKS
28. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
29. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning
30. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
31. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19
32. Statusoversyn pr. november 2019
33. Kst. vedtak 01.10.19, sak 63/19 – Val av kontrollutval 2019-2023
34. Kst. vedtak 24.09.19, sak 56/19 – Revisjonsrapport – Klima og energiplan
35. Taushetserklæringsskjema (blei signert i møtet)
36. Innkalling til årsmøte i RYMI 13.11.19
37. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning IKS 14.11.19
38. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
39. Konferanse 2020 for kontrollutvala – Sandnes 09.01.20
40. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30. januar 2020
41. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.03.20	05/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.03.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 1 – 16 til orientering.

Suldal kontrollutval vedtar «Retningslinjer for korleis kontrollutvalgsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt» med endringar/tillegg gjort i møtet.

1. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
2. Retningslinjer for korleis kontrollutvalgsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt – til diskusjon i møtet
3. Statusoversyn pr. mars 2020
4. Kst.vedtak 12.12.19, sak 169/19 – fritak for verv som varamedlem Svein Ø. Berge
5. Fylkesmannen - informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2020
6. Protokoll frå representantskapsmøte i RYMI 13.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 21.02.20
9. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 05.02.20
10. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2019 og budsjett 2020
11. Perioderapportering pr. 31.12.19 frå Rogaland Revisjon
12. Tilbakemelding frå konferansen 09.01.20 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
13. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland
14. Tilbakemelding frå NKRF konferansen 29. – 30. januar 2020
15. Invitasjon til FKT-fagkonferanse 3. – 4. juni på Gardermoen
16. Årsrapport og skatteregnskap for 2019 frå skatteoppkrevjaren i Suldal

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Vedkommande pkt. 2

Utvalet har etterspurt retningslinjer for korleis medlemmene skal handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt. Sekretariatet har laga eit arbeidsnotat. Medlemmene må drøfte framlegget og kome med sine innspel.

Vedkomande pkt. 16

Kontrollutvalet har mottatt årsrapport og skatterekneskap 2019 frå skatteoppkrevjaren for Suldal (sjå vedlegg).

Skatterekneskapen for 2019 viser ein samla skatteinngang på 596 mill. kr. Som er ei auke frå året før på 13 mill. Auka skyldast mellom anna innbetalingar av arbeidsgjevaravgift. Kommunen sin del av skatteinntekta i 2019 var på 156 mill. kr.

Kommunen har i 2019 satt av 10 % til marginavsetning, som utgjer 29 mill. kr. Dette er midlar som er heldt tilbake for å dekke utbetalingar av til gode skatt når skatteoppgjøret blir klart i påfølgande år. Marginoppgjøret for 2019 viste overskot på 0,7 mill. kr. Ved utgangen av 2019 er samla restansar på ca. 3 mill. kr.

Haugaland arbeidsgiverkontroll har utført arbeidsgjevarkontroll for Suldal kommune. Dette er eit samarbeid med ni kommunar i distriktet.

Kontrollutvalet kan berre ta sjølv rekneskapen til orientering. Revisjonshandlingane knytte til dette regnskapet er ein statleg oppgåve, og skatterekneskapen vert godkjent på nasjonalt nivå av Stortinget. Skatteoppkrevjarfunksjonen er inn til vidare ein kommunal oppgåve, og kontrollutvalet har derfor ein tilsynsrolle overfor skatteoppkrevjar, og kan om nødvendig kommentere forhold knytt til organisering av arbeidet mv.

Stortinget har vedtatt at skatteoppkrevjarfunksjonen vil bli overfør til staten frå 1.6.2020.

Aksdal, 12.03.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ARBEIDSNOTAT – TIL DISKUSJON I UTVALET

RETNINGSLINER FOR KORLEIS KONTROLLUTVALGSMEDLEMMER KAN HANDSAMA SAKER FRÅ INNBYGGARAR SOM TAR DIREKTE KONTAKT

Alle innspel må vurderast individuelt, men følgjande kan vere ein måte å gå fram på:

- Medlemmane bør oppmode innbyggaren til å sende sitt innspel, med fullt namn til sekretariatet. Sekretariatet har rutinar for å handsama slike innspel.
- Det bør opplysast om at i hovudsak skal alle saker som kontrollutvalet handsamar vere på eit overordna systemnivå.
Utvalet skal ikkje handsama enkeltsaker, eller vere eit klageorgan.
- Har andre klageinstansar blitt prøvd ?
- Tilsette i kommunen har interne retningslinjer for varsling, avviksmeldingar, mm.
- Medlemmet må i etterkant ta kontakt med leiar og/eller sekretariat for å drøfte vidare handsaming, før den blir orientert om i utvalsmøte.
- Det har vert praksis å ta opp slike saker under Ymse.
- Utvalet må så vurdere om saken høyrer inn under utvalet sitt mandat.
- Utvalet kan enten avvise saka eller be rådmann om ei orientering i neste møte. Er saka alvorleg må det vurderast om revisor skal koplust inn. Innspelet kan bli eit tem i ein forvaltningsrevisjon eller gransking.
- Saka blir protokollført under Ymse. Utvalet sitt vedtak må vere så klart som mogleg.
- Dersom utvalet fattar vedtak om å be rådmannen om ei orientering bør medlemmet og sekretær gjere saka så konkret som mogleg. Rådmannen bør få eit så klart oversyn av forholdet som mogleg. Det vil då bli enklare for rådmannen å svare på/orientere.
- Sekretariatet tek kontakt med rådmannen kort tid etter møtet i utvalet for å informere om utvalets vedtak.
- Sekretariatet skriv brev med særutskrift til rådmannen og ber han informere skriftlig/munnleg i neste kontrollutvalsmøte.
- Sekretariatet skriv brev til innbyggaren og informere om utvalet si handsaming.

Følgjande er henta frå «Veilder for sekretariat for kontrollutvalg» utarbeida av FKT i 2019:

7. Henvendelser til kontrollutvalget

De fleste kontrollutvalg får henvendelser fra innbyggere eller andre aktører som mener de har en sak for kontrollutvalget. I utgangspunktet er det slik at kontrollutvalget ikke har plikt til å behandle andre enn de saker som det får deg forelagt fra kommunestyret eller der det fremgår av lov og forskrift. Dette innebærer at kontrollutvalget må vurdere om en henvendelse hører inn under kontrollutvalgets oppgaver og om kontrollutvalget vil prioritere saken.

Når sekretariatet lager saksfremlegg på grunnlag av henvendelser, bør det framgå under «saksopplysninger» hva henvendelsen dreier seg om. Det kan også være behov for at sekretariatet innhenter flere opplysninger før henvendelsen legges fram for kontrollutvalget.

Sekretariatet kan videre gi sin vurdering av om henvendelsen faller inn under utvalgets kompetanseområde eller ikke.

Sekretariatet bør ikke hente inn informasjon for selv å vurdere sannhetsinnholdet i henvendelsen. Eventuell informasjon som sekretariatet innhenter (for eksempel i en oppfølgingssamtale med den som har sendt henvendelsen) bør bare benyttes som grunnlag for å vurdere om, og hvordan henvendelsen bør følges opp. Noen henvendelser, for eksempel tips om misligheter, er det opplagt at kontrollutvalget bør gå videre med. Andre er mer generelle og mangelfulle, og det kan være vanskelig å følge opp. Hvis kilden er ukjent eller ikke ønsker å gi utfyllende opplysninger, bør sekretariatet ta med i vurderingen om kontrollutvalget bør ta henvendelsen til orientering uten videre oppfølging. Sekretariatet kan også diskutere med utvalget om kontrollutvalget bør gi KU-leder mandat til å gjøre slike vurderinger før henvendelsene legges fram.

Sekretariatet bør involveres både for å bidra med faglige råd, og for holde oversikt med hva som skal arkiveres.

Et forslag til vedtak fra sekretariatet om å undersøke saken videre bør inneholde en beskrivelse av det som skal undersøkes og hvem som bør foreta undersøkelsen. Fokuset bør være på systemkontroll.

Det er viktig å huske på at kontrollutvalget ikke er et klageorgan, og at det derfor ikke behandler klager på vedtak som har vært til administrativ behandling og det fortsatt finnes andre klagemuligheter som ikke er prøvd. I slike tilfeller er det naturlig å vise til rett klageinstans (klagenemnder, fylkesmannen, sivilombudsmannen etc.). Det er også viktig at kontrollutvalget ikke behandler saker som kan bære preg av politisk omkamp.

Grensen mellom hva som er en ordinær henvendelse og en varsling etter arbeidsmiljølovens bestemmelser, kan være vanskelig å dra. For å unngå at kontrollutvalget risikerer å møte seg selv i døren dersom det på et senere tidspunkt skal gjennomføres en forvaltningsrevisjon som omfatter kommunens varslingsrutiner, bør varslingssaker etter arbeidsmiljøloven håndteres i tråd med kommunens egne varslingsrutiner. Kontrollutvalget bør påse at kommunen har slike rutiner og at KU ikke selv tillegges en rolle i kommunens rutiner for behandling av varsling.

Arbeidsmiljøloven kapittel 2 A inneholder et eget kapittel om varsling. Bestemmelsene gjelder arbeidstakers rett til å si fra om kritikkverdige forhold, vernet mot gjengjeldelse, arbeidsgivers rutiner (intern varsling) og taushetsplikt for offentlig myndighet, f.eks. kontrollutvalgssekretariatet, som mottar varsel fra ansatt (ekstern varsling).

Dersom varselet kommer fra andre enn en arbeidstaker, dvs. det ikke foreligger et ansettelsesforhold, gjelder ikke arbeidsmiljøloven. Sekretariatet bør likevel behandle slik informasjon med varsomhet.



Kontrollutvalet - statusoversyn mars 2020

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Risiko- og vesentleg-vurderingar	21.11.19	110 timar	Under utarbeiding	Våren 2020	
Planar for forvaltnings-revisjon og eigarskaps-kontroll	21.11.19			Hausten 2020	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Eigarskapsforvaltning	08.11.19	06.06.19	05.09.19	Juni 2020	150 timar
Klima og energiplan	14.02.19	05.09.19	24.09.19	Juni 2020	180 timar

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltnings-revisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskaps-kontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	01.02.18/ 22.03.18	
Forenkling, forbetring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19/ 19.03.19	
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	06.06.19/ 05.09.19	
Selskapskontroller					

Emne **19/17191 Svar på søknad om fritak som varamedlem i kontrollutvalet i Suldal kommune**
 Avsender Turid Vaage <Turid.Vaage@suldal.kommune.no>
 Mottaker <SveinOystein.Berge@statkraft.com>
 Kopi til <ogh@kontrollutvalgene.no>
 Dato 23.12.2019 13:53



Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 07.01.20
 Journalført: 20/15/096
 Arkivkode: 33

E-post frå Suldal kommune

Viser til søknad om fritak frå verv som varamedlem i kontrollutvalet i Suldal kommune.

Kommunestyret handsama søknaden din i møte 12.12.2019 og gjorde følgjande vedtak:

Svein Øystein Berge får fritak frå sitt verv som 2. vara i kontrollutvalet i Suldal i perioden 2019 – 2023.

Saksframlegg ligg vedlagt.

Beste helsing

Turid Vaage

Leiar Servicetorget
 Suldal kommune
 52 79 22 03 / 414 24 085
www.suldal.kommune.no

Denne e-post med eventuelle vedlegg er meint for den institusjon eller person den er retta til og kan innehalde lovbestemt teieplikt. Om e-posten er feilsendt, ver venleg å slett den og kontakt avsender.



ADRESSE

Eidsvegen 7, 4230
 SAND
 Sentralbord: 52 79 22
 00
 Telefaks: 52 79 22 05

WEB/EPOST

postmottak@suldal.kommune.no
www.suldal.kommune.no

INFO

18/30
 Kontonr: 3202.07.01152
 Org.nr.: 964 979 189

Fra: Berge Svein Øystein (SveinOystein.Berge@statkraft.com)
Sendt: 12. desember 2019 00:00
Til: Turid Vaage
Tittel: Fritak som varamedlem i kontrollutvalet i Suldal kommune

Fra: Berge Svein Øystein <SveinOystein.Berge@statkraft.com>



Fylkesmannen i Rogaland

Vår dato:

19.12.2019

Vår ref:

2019/12301

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

Haugaland
Kommunaltvalgsekretariat IKS

Mottatt dato: 20.12.19

Journalført: 19/486124

Arkivkode: 24

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2020

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket og Kartverket og planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi gjer merksam på at frå januar 2020 vil Fylkesmannen i Rogaland ta i bruk felles nasjonal tilsynskalender. KMD sender i desse dagar ut eit brev til alle kommunane i landet med nærare informasjon om kalenderen. Vi syner til den informasjon om felles nasjonal tilsynskalender som vil gå fram av KMD sitt brev.

I tillegg til at tilsyna vil bli lagt ut på den nye felles nasjonale tilsynskalenderen på nett har vi utarbeida ein oversikt med Fylkesmannen og Arkivverket sine tilsyn. Denne følgjer med som vedlegg til dette brevet. Mattilsynet, Statens vegvesen og Arbeidstilsynet har ikkje bestemt seg for kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Kartverket har ikkje planlagt tilsyn i Rogaland i 2020.

Arbeidstilsynet vil ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringane dette fører med seg i arbeidslivet. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar.

Arbeidstilsynet vil også føre tilsyn med kommunane som byggherre og kommunen som oppdragsgivar. Sistnemnte med utgangspunkt i forskrift om løn- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Arbeidstilsynet vil fortsette næringssatsinga som omhandlar vald og trugslar innan helse og sosial med rettleiing på kommunedirektørnivå i nokre kommunar. Arbeidstilsynet vil som i 2019 også i 2020 delta i eit forskingsprosjekt under leiing av STAMI (Statens Arbeidsmiljøinstitutt) om effekt av tilsynet sitt verkemiddelbruk. Målgruppa vil vere heimesjukepleie og heimehjelp.

Mattilsynet sine hovudprioriteringar for 2020 er leveringstryggleik på drikkevatn og kvalitet på distribusjonssystema for drikkevatn. Når det gjeld tilsyn med kommunane skal Mattilsynet også prioritera rettleiing og tilsyn med hygiene og rutinar i kommunale og private barnehagekjøkken i 2020.

E-postadresse:

fmropost@fylkesmannen.no

Sikker melding:

www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:

Postboks 59

4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44

Telefon: 51 56 87 00

www.fylkesmannen.no/ro

Org.nr. 974 763 230



Arkivverket sine tilsyn har som føremål å sikra at arkiv som har verdi innan kultur eller forskning, eller som inneheld dokumentasjon med rettsleg eller forvaltningsmessig dokumentasjon vart ivareteke og gjort tilgjengeleg for samtid og ettertid.

Statens vegvesen vil i hovudsak utføre risikobaserte tilsyn, retta mot verksemdar der det er sannsynleg å avdekkje lovbrøt. Kva verksemdar som får tilsyn, avheng av kva opplysningar SVV mottek, og/eller kva SVV sjølv avdekkjer i sitt arbeid. Det er eit krav om å vere registrert i SSV sitt parkeringsregister for å kunne tilby vilkårsparkering. Skulle SVV finne at kommunar i Rogaland som tilbyr vilkårsparkering ikkje har registrert seg, vil det bli ført tilsyn med desse.

Kartverket har ikkje planlagt å føre tilsyn med kommunar i Rogaland i 2020. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling. Alle kommunane er med i kvar trekking og det kan føre til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling vil i 2020 gjennomføre felles nasjonale tilsyn (FNT) på områda skolemiljø og skolebasert vurdering. I tillegg vil vi gjennomføre tilsyn med kommunane si ivaretaking av spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, og introduksjonslova for nykomne flyktningar.

Statens helsetilsyn har avgjort at det landsomfattande tilsynet med barnevernlova skal rettast mot barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar. Det vert også tilsyn med tilgjengelegheit til sosiale tenester i NAV og tvungen helsehjelp i kommunale helse- og omsorgstenester.

Miljødirektoratet har ikkje planlagt å gjennomføre landsomfattande kommunetilsyn i 2020. Miljøvernavingdelinga har derfor ingen planlagde tilsyn med kommunen som forureiningsstyresmakt neste år.

Fylkesmannen gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Kommunar som ønskjer ein samtale med Fylkesmannen rundt prioritering og gjennomføring av tilsyna for 2020, kan ta kontakt med tilsynskoordinator Maren Skåden på telefon 51 56 88 32 eller på e-post: maren.skaden@fylkesmannen.no.

Til slutt vil vi minne om at det blir ny tilsynskonferanse i Stavanger 14. mars 2020. Vi håpar på godt oppmøte! Meir informasjon og moglegheit for påmelding til konferansen finn de på Fylkesmannen sine [nettsider](#).

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fylkesmannen og Arkiverket sine tilsyn og kontroll med kommunar i Rogaland fylkeskommune 2020 FNT/Landsomfattande tilsyn/hasjonale tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Helseilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt						
	Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial- avdelinga	Fylkesmannen Utdannings- avdelinga	Fylkesmannen Samfunns- avdelinga	Fylkesmannen Landbruks- avdelinga	Arkiverket
	<u>BJERKREIM</u>	1. halvår			Forvaltningskontroll februar	
		2. halvår		Spespedhjelp og tilrettelegging august		
	<u>BOKN</u>	1. halvår				Arkivlov 4. april
		2. halvår		FNT: skulemiljø august		
	<u>EIGERSUND</u>	1. halvår			Samfunnsstryggjelek og beredskap 18. mars	
		2. halvår		Introlova August		
	<u>GJESDAL</u>	1. halvår		Spespedhjelp (utsatt frå 2019) januar		
		2. halvår				
	<u>HAUGESUND</u>	1. halvår	Tilgjengelegheit i sosiale tenester i NAV Uke 17-18			
		2. halvår				

PROTOKOLL FRÅ REPRESENTANTSKAPET RYFYLKE MILJØVERK IKS

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 20.12.19
Journalført: 19/483/094
Arkivkode: 217

Stad: Nordmarka

Dato: Onsdag 13. november 2019, kl 09.30 – 12.00

Møtande representantar:

Namn	Kommune	Merknad
Thore Håland	Forsand	
Eskil Nerheim	Suldal	
Berit F. Haugland	Suldal	
Sven Gil Westersjø	Hjelmeland	
Håkon Helgøy	Hjelmeland	Vara for Anita Husøy Riskedal
Sølve Hatteland	Strand	
Torhild Pedersen	Strand	
Odd A. Vestersjø	Strand	
Heidi Eike	Strand	Vara for Henrik Rosså
Henrik Halleland	Finnøy	
Berit Hopland	Finnøy	
Ikkje møtt:		
Henrik Rosså	Strand	Vara møtte
Bjørn Arild Ueland	Strand	Vara har også meldt forfall
Anita Husøy Riskedal	Hjelmeland	Vara møtte

I tillegg var desse representerte:

Nestleiar i styret Anita Kristensen, John Nag – revisor

Frå administrasjonen møtte:

Audun Roalkvam, Tormod Rugland og Hanne Torhild Kleven

Følgjande saker vart handsama:

SAK 10/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

SAK 11/19 Val av møteleiar

Vedtak:

Thore Håland blei valt til møteleiar

SAK 12/19 Val av referent

[Skriv her]

Vedtak:

Dagleg leiar vart valt til referent.

SAK 13/19 Val av 2 personar til å godkjenne protokollen saman med leiar i representantskapet (jf. §9, 7. ledd i IKS-lova)

Vedtak:

Følgjande representantar vart valte til å underteikne protokollen saman med representantskapsleiar:

Berit Hopland og Berit Fyljesvoll Haugsland

SAK 14/19 Orientering frå styret

Nestleiar i avviklingsstyret Anita Kristensen informerte representantane om:

- Arbeid i avviklingsstyret, utarbeiding av avtale mm
- Økonomi
- Samarbeid med Renovasjonen IKS
- Ny innsamlingsordning – rest av Strand i oktober, Hjelmeland får til våren

Administrasjonen orienterte om

- utkjøring av dunker i Strand.
- Åpningstider gjenvinningsstasjoner
- Servicetorg for IVARs gjenvinningsstasjoner

SAK 15/19 Innsamling glass/metall

Forslag frå Thore Håland – tømmefrekvens endres til hver 8 uke.

Forslaget fikk 6 stemmer. 5 stemte mot forslaget. Forslaget ble vedtatt.

Vedtak:

Representantskapet går inn for å innføre en ordning der alle husholdninger får utlevert en egen 140/40 liters beholder for glassemballasje. Det innføres en fast tømmefrekvens på hver 8. uke.

Ordningen startes i Suldal, saman med innføring av kildesortering. Ordningen utvides gradvis til Strand og Hjelmeland, over en to-årsperiode.

SAK 16/19 Fastsetjing av gebyr for 2020

Forslag frå Odd A Vestersjø : gebyr for annet avfall utover bygg- og rivningsavfall til gjenvinningsstasjoner frå privatpersonar settes til kr 0 i gebyrtabellen.

Enstemmig vedtatt.

[Skriv her]

Forslag frå Sven Gil Westersjø: dagens gjenvinningsstasjonar og betingelser for vederlagsfri levering av avfall frå privatpersonar vidareførar, jmf vedtak i kommunar.

Enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Representantskapet vedtek følgjande gebyr for 2020:

Gebyr2020				6 %	
Varenr:	Ny gebyrmodell frå 2020 med 6 % auke på renovasjonsavgiftene inga auke på slam	Fast del	Variabel del	Totalt u/mva	Totalt inkl.mva avrunda
*01 ny	ny gebyrmodell frå 2020 med 6 % auke på renovasjonsavgiftene inga auke på slam	1 378	2 110	3 488	4 360
*02 ny	Stor Ordning (240 l restavfall)	1 378	3 110	4 488	5 610
*03 ny	Heimekompost Standard (140 l restavfall)	1 148	1 758	2 907	3 633
*04 ny	Heimekompost Stor (240 l restavfall)	1 148	2 592	3 740	4 675
*05 ny	Hytterrenovasjon med dunk (140 l restavfall)	1 378	2 110	3 488	4 360
	For de utan 3-dunksystem				
01	Ord 1			3 488	4360
02	Ord 2			4 488	5 610
03	Ord 3			2 907	3 633
